

Veteranbåtlaget MS Lindenes AS
Gunnar Moland

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2014000252-12 Saksh: Harald Jordal Arkivkode Dato:
Journalpostid: 2017005384 Telefon: 53 65 40 23 223 29.03.2017

Uttale vedkomande MS Lindenes

Odda kommunestyre fatta slikt vedtak i sak 38/15 den 13.05.2015

- «1. Odda kommunestyre løyver kr. **300.000** i støtte til heimkjøp av MS Lindenes med inndekking frå hamnefondet.
2. Odda kommunestyre sluttar opp skissert strategi om å overføra båten til ei eiga (næringsdrivande) stifting slik det går fram av søknaden (vedlegg 1 og 2) og ber om å få tilsendt forslag til vedtekter for Stiftinga for godkjenning
3. Odda kommunestyre er uroa for at det ikkje er avsett tilstrekkelege midlar til vedlikehald og opprusting av MS Lindenes dei komande åra.»

I ettertid er båten ført «heim» og det er oppretta ei eigar-«stifting» i form av eit aksjeselskap.

Til motteke søknadsskjema pkt. 11:

Prioritering:

Det eksisterer ingen formell prioriteringsliste i Odda kommune over tilskotsberettiga veteranbåtar/ maritime kulturminne. Kommunestyret si oppslutting om heimkjøpet var likevel overveldande. Innstilling frå rådmannen var kr 50.000.-

Tilskot:

Ut over tilskotet til heimkjøp kr 300.000.- er det ikkje løyvd kommunale midlar til båten. Det er heller ikkje budsjettert med driftstilskot. Kommune har ikkje avvist å gje tilskot til oppgraderingstiltak/ større vøler.

Fråsegn :

MS Lindenes er ein viktig del av den maritime kulturarven i Odda / Tyssedal som er basert på våre særeigne forhold knytt til utfordrande topografi for m.a. vegbygging – dvs. manglande vegar, kraftproduksjonsgrunnlag med lokal kraftforedlende tungindustri og fjorden som basal kommunikasjonsåre for denne industrien.

MS Lindenes var lenge det praktiske svaret på behovet for transport av arbeidsfolk innan lokalsamfunnet mellom Odda, Eitrheimsneset (Zinken) og Tyssedal (DNN Aluminium).

Elles **var og er** fjorden og vegen for industrien i Odda og Tyssedal . Dette gjeld både inn med råvarer og malm frå den store verda og ut att til den same med ferdigprodukt.

Eit levande kraftsenter


Telefaks: 53 65 40 51	Org.nr: 964 967 814	Telefon: 53 65 40 00
Opheimsgata 31	Bankgiro: 3201.50.24584	Telefaks: 53 65 40 51
	Innbetaling skatt: 6345.06.12288	Epost: epost@odda.kommune.no

MY Tysso - som er eidd av Norsk Vasskraft og Industristadmuseum (NVIM) i Tyssedal og MS Lindenes representerer begge den lokale industrielle marine arven, men i kvar sin sosiale kategori.

MS Lindenes har og den styrken at den – i motsetning til MY Tysso – er sertifisert for mange passasjerar og lettare kan gå inn i ein sterkt aukande natur – og kulturbasert sommarturisme i Odda/Tyssedal.

Venleg helsing

Ole Jørgen Jondahl
rådmann



Harald Jordal
kommuneseekretær